

## Saksprotokoll i fellesnemnda - 16.11.2018

Hilmar Høl (A) stilte spørsmål om han er inhabil då han er styreleiar i SF Holding AS.

Det vart stilt spørsmål ved Anne Gine Hestetun (A) si habilitet då ho er styremedlem i BKK AS.

Hestetun gjekk frå og Jenny Følling (Sp) leidde møtet.

Følling stilte spørsmål om ho er inhabil då ho er medlem av valnemnda i Sogn og Fjordane Energi. Følling gjekk frå og Åshild Kjelsnes (A) leidde møtet.

Sigurd Reksnes (Sp) stilte spørsmål om han er inhabil då han er varamedlem i styret til Sogn og Fjordane Energi.

Mona Strømme (H) stilte spørsmål om ho inhabil då ho er varamedlem i styret i BKK AS.

Alle representantane gjekk frå under vurderinga av spørsmåla om inhabilitet. Det var 19 representantar til stades.

Fellesnemnda vedtok samrøystes at Reksnes var habil.

Fellesnemnda vedtok samrøystes at Strømme var habil.

Fellesnemnda vedtok samrøystes at Følling var habil.

Fellesnemnda vedtok med 13 mot 6 røyster at Høl var habil.

Fellesnemnda vedtok med 13 mot 6 røyster at Hestetun var habil.

**Jenny Følling (Sp)** fremma på vegner av representantane frå Sogn og Fjordane opp igjen forslaget frå fellesnemnda AU, med den endring at ein erstatta «fellesnemnda AU» med «fellesnemnda» slik:

«Fellesnemnda viser til Fellesnemnda sitt vedtak av 4.05.18. AU fekk her i oppgåve å prøve å løyse opp i den usemje som kom til uttrykk i FN 8.03.18 og kome med forslag til vedtekter for det fondet som kan etablerast ihht intensjonsplanen sitt pkt. 7. Med dette som utgangspunkt vil Fellesnemnda uttrykkje følgjande:

1. Fellesnemnda sluttar seg til utkast til vedtekter for eit utviklingsfond for Sogn og Fjordane slik dette er oversend frå fylkesordføraren i Sogn og Fjordane 12.09.18.
2. Fellesnemnda konstaterer at det ligg til fylkestinget i Sogn og Fjordane å avgjere korleis fylkeskommunen sine aksjar i SF Holding AS/SFE AS skal handterast.»

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av representantane frå Hordaland fram slikt forslag:

«Fellesnemnda oppmodar Arbeidsutvalet om å arbeide vidare med sak med mål om å finne ei heilskapleg løysing på den usemje som kom til uttrykk mellom dei to fylkeskommunane på møtet i fellesnemnda 8. mars 2018, samt utarbeide forslag til vedtekter for Sogn og Fjordane utviklingsfond.

Fellesnemnda oppmodar Arbeidsutvalet om å peike ut ei mindre arbeidsgruppe og knyte til seg naudsynt hjelp i prosessen. Dette for å leggje til rette for ein meir dynamisk prosess.

Fondsvedtekten kan ta utgangspunkt i ein modell basert på fordeling med delt eigarskap til aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS mellom Vestland fylkeskommune og kommunane i dagens Sogn og Fjordane, etter nærmare definert avtale.»

## Røysting

Følling sitt forslag fekk 9 røyster (Sogn og Fjordane) og fall.

Kårbø sitt forslag fekk 15 røyster og vart vedteke.

## Vedtak

Fellesnemnda oppmodar Arbeidsutvalet om å arbeide vidare med saka med mål om å finne ei heilskapleg løysing på den usemje som kom til uttrykk mellom dei to fylkeskommunane på møtet i fellesnemnda 8. mars 2018, samt utarbeide forslag til vedtekter for Sogn og Fjordane utviklingsfond.

Fellesnemnda oppmodar Arbeidsutvalet om å peike ut ei mindre arbeidsgruppe og knyte til seg naudsynt hjelp i prosessen. Dette for å leggje til rette for ein meir dynamisk prosess.

Fondsvedtekten kan ta utgangspunkt i ein modell basert på fordeling med delt eigarskap til aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS mellom Vestland fylkeskommune og kommunane i dagens Sogn og Fjordane, etter nærmere definert avtale.

### **Protokollmerknad**

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Hordaland sine representantar i fellesnemnda fram slik protokollmerknad:

Representantane frå Hordaland ser framlegget i saka frå Sogn og Fjordane som eit heilskapleg framlegg og røysta difor i mot både pkt 1 og 2, men vil understreka at dette ikkje tyder at representantane er ueinig i at det materielle innhaldet i pkt. 2.»